



– Vi ser at disse barna som må slutte, virkelig hadde trengt barnehageplass. De blir tvunget ut, uten at det er deres feil

Barnehagestyrer i Olsvik barnehage Trond Øverli



– Det er ikkje lov for kommunane å gjera det på denne måten. For å seia det enkelt, betyr denne vurderinga at ein ikkje skal råka barna for at foreldra ikkje kan betala for seg

Kunnskapsminister Torbjørn Røe-Isaksen (H) ber kommunane om å endra praksis

Metoderapport

"Inkassobarna"

Ein nyheitsserie om barn som vart straffa fordi foreldra ikkje betalte rekningane sine

Sølve Rydland

Simen Sundfjord Otterlei

NRK Hordaland 7. januar – 19. desember 2015.

Innleiing:

Kvar veke i perioden 2012 – 2014 mista meir enn tre barn i Noreg barnehageplassen fordi foreldra ikkje betalte rekningane sine. Langt fleire mista plassen sin i skulefritidsordning av same grunn. Etter at Bergen kommune innførte ordninga med plassoppseiing i barnehage og skulefritidsordning i mai 2014 mista 400 barn plassen i skulefritidsordning eller barnehage på eit år. Praksisen har i svært liten grad vore oppe til diskusjon i kommunestyre og i offentlegheita.

FNs barnekonvensjon artikkel 2:

"Partene (statane) skal treffe alle egnede tiltak for å sikre at barnet beskyttes mot enhver form for diskriminering eller straff på grunn av sine foreldres, sin verges eller familiemedlemmers stilling, virksomhet, meningsytringer eller tro".

1. Namn på journalistane som har gjort jobben:

Sølve Rydland

Simen Sundfjord Otterlei

2. Tittel på prosjektet:

"Inkassobarna"

3. Redaksjon, redaksjonsadresse og telefonnummer:

NRK Hordaland

Pb 7777

5020 Bergen

Telefon: 55275200

E-post: hordaland@nrk.no

4. Adresse og telefonnummer kontaktperson:

Sølve Rydland

solve.rydland@nrk.no

Telefon: 95240957

5. Lister over samla produksjon:

Prosjektet består av om lag 30 nyheitsinnslag på radio. Alle innslaga er sendt i NRK Hordaland sine radiosendingar på P1. I tillegg har P2s nyheitsmorgon, Her og nå, Alltid nyheter og Dagsnytt sendt saker frå prosjektet. I tillegg har det vore debattar, lengre intervju og orienteringar i Hordaland i dag på P1.

I tillegg er det laga 27 nettsaker på NRK.no. Både radiosakene samla og nettsakene samla gjev eit heilskapleg inntrykk av prosjektet. Produksjonen til nett og radio er til ein viss grad overlappande.

Den første saka gjekk òg i Dagsrevyen. I tillegg har fleire av milepælane i prosjektet vorte registrert i Vestlandsrevyen på NRK1.

5.1. Oversikt over radiosaker:

Sakene merka med grått er dei sakene som er rangert som dei viktigaste sakene i prosjektet. Tidskoden referer til den vedlagte lydfila. Totaltid 52:39. Merka "Kompendium med radioinnslag".

Dato:	Kort om innhaldet i saka:	Tidskode
07.01.2015	180 barn i Bergen mista plassen i kommunale barnehagar eller SFO	0:00:00
08.01.2015	Byråden lova at ingen skulle mista plassen - 180 barn vart kasta ut av barnehage eller SFO	2:46:00
09.01.2015	Fylkesmannen meiner barnehageoppseiingane i Bergen er i strid med barnehagelova	5:25:00
16.01.2015	Barn mister barnehage- og SFO-plassen i alle dei fire største byane i Noreg. Lokalpolitikarar heilt uvitande om praksisen	7:36:00
16.01.2015	Barneombodet reagerer på at barna vert kasta ut av barnehagen	10:06:00
19.01.2015	Utdanningsdirektoratet meiner alle storbyane bryt barnehagelova - må tilby barna ny plass	10:51:00
23.01.2015	Bergen vil ikkje stoppa utkastingar medan kommunen sjekkar om praksisen er lovleg - SV reagerer	13:19:00
27.01.2015	Bystyret grilla oppvekstbyråden. Ho vil ikkje svara på om kommunen vil endra praksis	15:59:00
03.02.2015	Kunnskapsministeren krev at kommunane sluttar med å nekta barn av dårlege betalarar barnehageplass	18:40:00

03.02.2015	Byrådet i Bergen lovar at praksisen til kommunen skal endrast	19:31:00
04.02.2015	Storingsrepresentant Kjersti Toppe meiner kunnskapsministeren ikkje går lagt nok - krev at barn ikkje lenger skal kastast ut av barnehage	20:13:00
05.02.2015	Bergen braut egne retningslinjer - familiar som skulda småpengar fekk brev om at barna kunne mista barnehageplassen	21:04:00
06.02.2015	Foreldre veit ikkje at dei har rett på billegare barnehage - barn stod i fare for å mista plassen då feil vart oppdaga	23:31:00
09.02.2015	Barnevernet har hindra at ikkje fleire barn har vorte kasta ut av barnehagane i Bergen	25:38:00
10.02.2015	Kommunane er delte i synet på om dei har lov til å kasta barn ut av barnehage. Også mindre kommunar praktiserer plassoppseiing.	26:36:00
06.03.2015	Byrådet foreslår ny ordning: Vil garantera at barna får plassen igjen ved neste hovudopptak	28:39:00
06.03.2015	Nye tal for utkastinger frå SFO i Bergen: 268 barn vart oppsagde.	29:46:00
07.03.2015	At stadig fleire barn mister SFO-plassen skapar reaksjonar	30:02:00
07.03.2015	Venstre er positive til byrådet sine endringar, men Arbeidarpartiet fryktar at barna kan verta kasteballar	31:00:00
29.04.2015	Jus-professor meiner det er uklart om kommunane har rett til å ta i frå barna barnehageplassen. I dag vedtek bystyret nye reglar.	32:38:00
30.04.2015	Bystyret i Bergen endra reglane for foreldre som ikkje betalar for barnehagen - SV-leiaren ber kunnskapsministeren om å få slutt på at barn mistar plassen	35:06:00
11.09.2015	99 barn vart kasta ut av barnehage og SFO etter at kunnskapsministeren konkluderte med at ordninga var i strid med lovverket	37:05:00
16.10.2015	Det nye byrådet lovar endring: Byrådsplattformen slår som første storby fast at barn ikkje skal mista plassen i barnehage. Over 500 har mista barnehageplassen i norske kommunar på tre år	39:38:00
13.11.2015	9 barn kan mista barnehageplassen før jul - den nye oppvekstbyråden har likevel ikkje tenkt å endra reglane	43:22:00
02.12.2015	Bystyrefleirtalet med klar melding til byrådet: Krev at ordninga med plassoppseiing frå barnehage vert fjerna	47:09:00
19.12.2015	Høgre meiner vedtak om at barna ikkje skal mista barnehageplassen er øydeleggande for bergensarane sin betalingsmoral	52:42:00

5.2. Oversikt over nettsaker

Alle nettsaker ligg elles samla på denne nettsida: : <http://www.nrk.no/emne/barn-av-darlige-betalere-fratas-sfo--og-barnehageplass-1.12137804>

Dato:	Kort om innhaldet i saka:	Lenke
07.01.2015	180 barn i Bergen mista plassen i barnehage og SFO	Lenke
07.01.2015	Skulle sørge for at ingen mistet plassen - nå er 180 barn kastet ut	Lenke
07.01.2015	180 barn fratatt plassen: - Vi føler oss lurt	Lenke
08.01.2015	"Oppfatter det som et rent løftebrudd"	Lenke
09.01.2015	Kan tvinges til å ta utkastede barn tilbake	Lenke
16.01.2015	Barnehagebarn kastes ut over hele Norge	Lenke
19.01.2015	Bryter loven når barn stenges ute	Lenke
23.01.2015	Krever at staten betaler for utkastede barn	Lenke
23.01.2015	– Andre er like forvirret som oss	Lenke
23.01.2015	Byråden måtte svare for utkastelsene	Lenke
23.01.2015	Dette skjedde med barna som ble kastet ut	Lenke
03.02.2015	Nå må kommunene ta de utkastede barnehagebarna tilbake	Lenke
03.02.2015	No vil Bergen endre barnehagereglane	Lenke
04.02.2015	Vil lovfeste forbud mot å kaste ut barn	Lenke
05.02.2015	Foreldrene skyldte 54 kroner - kommunen truet med å kaste barnet ut av barnehagen	Lenke
06.03.2015	Skrev brev til kommunen "Sara tar straffen for våre handlinger, og slutter på SFO"	Lenke
06.03.2015	De sa at barna ikke skulle rammes så ble 300 kastet ut	Lenke
07.03.2015	– Barna kan ikkje bli kasteballar i systemet	Lenke
14.04.2015	Fleirtal for framleis å kasta ut barn	Lenke
15.04.2015	Venstre: «Ingen skal miste barnehageplassen fordi foreldrene ikke kan betale»	Lenke
29.04.2015	Uvisst om kommunen har lov til å kasta ut barnehagebarn	Lenke
01.05.2015	Lysbakken: - Stortinget må rydda opp	Lenke
11.09.2015	99 barn ble kastet ut mens politikerne vurderte jussen	Lenke
16.10.2015	Slutt på at born blir kasta ut av barnehagen	Lenke

13.11.2015	Trugar med å ta barnehageplassen frå ni barn	Lenke
02.12.2015	Bystyret krev stopp i utkastning av barnehageborn	Lenke
19.12.2015	Frykter foreldre vil droppe barnehageregningen	Lenke

Lenke til Dagsrevy-versjon av den første saka: <https://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen/NNFA19010715/07-01-2015#t=30m27s>

6. Idè og utgangspunkt for arbeidet:

I november 2013 vedtok bystyret i Bergen at barn i dei kommunale barnehagane og skulefritidsorningane i byen skulle mista plassen sin, dersom foreldra ikkje betalte rekningane sine. Sidan 2008 hadde Bergen vore ein av relativt få kommunar der barna ikkje risikerte å måtta slutta i barnehagen. Hovudargumentet for å reetablere ordninga var at foreldre hadde sett seg i stor gjeld til kommunen. På det meste skulda foreldre nærmare 16 millionar i ubetalte barnehage- og SFO-rekningar. For nokre enkeltforeldre hadde den samla gjelda passert 100000 kroner. Intensjonen ved å innføra plassoppseiing var ikkje at barn skulle mista barnehageplassen, men å hindra at foreldre sette seg i gjeld til kommunen. Etter lovnadar frå byrådet om at ingen skulle mista plassen gjekk eit nesten samla bystyre inn for å gjeninnføra ordninga. Berre Raudt sine to bystyrerepresentantar gjekk i mot å innføra ordninga. Praksisen i Trondheim kommune vart valt som mal for den nye ordninga og målet var tett oppfølging av foreldre som kom på etterskot med betalinga.

Eg (Sølve Rydland) som følgjer bergenspolitikken tett for NRK Hordaland, stussa over at ordninga vart innført med uvanleg lite politisk motstand. Eg bestemte meg for å følgja med på konsekvensane når den nye ordninga hadde fungert ei stund. Den første arbeidsdagen i 2015 skumma eg rutinemessig gjennom rapporten "Kvalitetsmelding for barnehagene i Bergen 2013-2014". Der kom eg over eit kort avsnitt som refererte til ordninga: "De første oppsigelsene hadde sluttdato 31.5.2014 og det var da 19 barn i barnehage som ble sagt opp", var den korte og konsise meldinga.

Den korte setninga gjorde at eg straks sendte ein epost til seksjonsleiar for barnehage og skule i Bergen kommune, Marianne Boge. Der bad eg bad om å få ein oversikt over kor mange barn som hadde mista plassen i skulefritidsordning og barnehage sidan ordninga vart innført. Det endelege svaret kom 5. januar og viste at totalt 180 barn hadde mista plassen i barnehage og skulefritidsordning fram til november.

Tala me fekk frå Bergen kommune reiste ei rekkje spørsmål. Kva skjer med barna som mistar barnehageplassen? Er det like mange som mistar plassen i andre kommunar? Korleis harmonerer utkastning av barn med barnehageretten i lov om barnehagar? Korleis kunne alle parti (utanom Raudt) i det normalt så polariserte bystyret i Bergen gå inn for ei ordning som gjorde at barn vart tvunge ut av barnehagen?

Saman med kollega Simen Sundfjord Otterlei bestemte me oss for ein slagplan med fleire parallelle løp. Det var openbart at saka hadde både lokalpolitiske, rikspolitiske, moralske og juridiske falsettar.

At politikarane i Bergen hadde eit utfordrande val då plassoppseiinga vart innført var openbart. Kva er verst? At barnefamiliar set seg i gjeld til kommunen, eller at barna må slutta i barnehagen, med dei konsekvensar det har

for barna og familiane? I tillegg har barnehagane sin posisjon i samfunnet har endra seg mykje på relativt få år. Det som for nokre år tilbake var eit tilbod for dei få, har vorte ein av hjørnesteinane i velferdssamfunnet. Me undra oss over om lovar og reglar hadde utvikla seg i takt med utviklinga.

Søk i Atekst og NRK sine eigne arkivsystem viste at det dei siste åra var gjort svært lite journalistisk arbeid på at barn mista plass i barnehagar og skulefritidsordning som følgje av at foreldra ikkje betalte for seg. Då me sette i gang med arbeidet oppdaga me at det var svært få som visste kva som føregjekk.

Sølve Rydland

Journalist, NRK Hordaland

7. Sentrale problemstillingar:

Me bestemte oss for å angripa saka frå fleire ulike vinklar parallelt:

- 7.1. **Lokalpolitisk:** Noko av det første me bestemte oss for å gjera, var å gå tilbake for å sjå på vedtaket som vart gjort i 2013. Kva undersøkingar hadde kommunen gjort i saksførebuingane og kva løfter var gitt frå byrådet si side. Kva var grunnen til at eit nærmast samla bystyre hadde røysta for ordninga.
- 7.2. **Andre kommunar:** Korleis var konsekvensane av ordninga med plassoppseiing i andre kommunar? Me bestemte oss for å først ta ein kikk på dei andre storbykommunane, og særleg Trondheim som hadde fungert som mal for ordninga Bergen hadde innført.
- 7.3. **Rikspolitisk:** Sjølv om det er kommunane som har ansvar for å tilby barn barnehageplass, er det Stortinget som har laga det overordna regelverket. Korleis reagerte regjeringa på at kommunane kasta barn ut av barnehagane og SFO?
- 7.4. **Juridisk:** Eit kjapt søk på lovdata stadfesta det me trudde; Lov om barnehagar går svært langt i å sikra barn rett til barnehage i kommunen der dei bur, og at det nettopp er kommunane som har ansvar for å oppfylle barnehageretten. Kunne verkeleg kommunane kasta barna ut av barnehage og SFO?
- 7.5. **Barna og foreldra:** Me ønskte å komma i kontakt med barna og familiane som hadde mista barnehageplassen. Kva var bakgrunnen for dei økonomiske problema? Korleis fekk dei kvardagen til å gå opp utan barnehage eller skulefritidsordning? Kva kjenneteikna familiane som var råka.

8. Genuint nytt i sakene:

- Trass lovnadar frå byrådet i Bergen og intensjonar om at ingen skulle enda opp med å mista plassen, mista 400 barn (44 i barnehage, 356 i SFO) plassen i barnehage og SFO mellom 31.5.2014 og 31.5.2015.

- Bergen og dei fleste andre norske kommunar har hatt reglar som har vore i strid med lov om barnehagar (kommunane stilte krav om at familiarne måtte kvitta seg med gjeld før barna kunne få ny barnehageplass) og ordinær avtalerett (barn vart sagt opp for beløp heilt ned mot 500 kroner). Avsløringane til NRK førte til at kunnskapsministeren bad kommunane om å endra praksisen sin.
- Det er stor juridisk usemje om kommunane faktisk har rett til å seia opp barn frå barnehagane.
- Bergen kommune braut sine eigne retningslinjer og sendte oppseiingsbrev til familiar som skulda mindre enn ei månadsleige.
- Over 520 barn i dei 50 mest folkerike kommunane i Noreg mista barnehageplassen grunna betalingsproblem mellom 2012 og 2014. Det reelle talet er langt høgare, sidan fleire kommunar ikkje har greidd å komma opp med nokon fullstendig oversikt over omfanget. Også i ei rekkje mindre kommunar har barn mista barnehageplassen.
- Bergen kopierte Trondheim sine reglar for sanksjonar mot foreldre som ikkje betalte barnehagerekninga, men sjekka ikkje konsekvensane. I Trondheim hadde ei rekkje barn mista barnehageplassen kvart år. NRK sine saker sette i gong ein prosess om å endra ordninga også i Trondheim.
- Ei rekkje kommunar (Mellom anna Oslo, Bergen og Trondheim) mangla oversikt over kor mange barn som hadde vorte sagt opp frå barnehagar og SFO. I mange kommunar har det aldri vore nokon debatt rundt problematikken.
- I september kom det fram at 99 barn vart kasta ut av barnehage og SFO i Bergen, medan kommunen vurderte om oppseiingane var lovlege eller ikkje.
- Det nye byrådet i Bergen lova i byrådsplattformen at ingen barn skulle mista barnehageplassen. Likevel stod ni barn i november i fare for å mista barnehageplassen før jul.
- Ingen barn har mista plassen i barnehage etter at reglane til Bergen kommune vart endra.
- I desember bestemte Bergen bystyre at kommunen skulle gå vekk frå ordninga med plassoppseiing.

9. Kort skildring av organisering, metodebruk, kjeldebruk, problem undervegs

Arbeidskvardagen ved eit distriktskontor i NRK er prega av høgt publiseringstempo. Sølve som jobbar mest med radio lagar som regel minst ei sak dagleg til nyheitene neste morgon, og Simen som er nettjournalist på desken publiserer mange saker dagleg. Då me fekk tala frå kommunen måndag 5. januar, bad me om å få jobba med saka denne og neste dag. Sidan ordninga så vidt var nemnd i ein offentleg rapport våga me ikkje å bruka lengre tid på å få ut den første saka.

Det er Sølve som har jobba fram dei fleste sakene og har styrt arbeidet. Simen har tilrettelagt sakene for nett og bidrege i planlegginga av prosjektet. Det har vore viktig å vera to om arbeidet for å kunna diskutera sakene med nokon ein veit har førstehandskjennskap til prosjektet.

Strategien i starten av prosjektet var å få ut dei første sakene relativt fort, for så å bruka tid på grundigare og meir tidkrevjande undersøkingar. Me vurderte det som at det var mest fornuftig å ta tak i det lokalpolitiske først. Samt å starta jobben med å finne ut i kva grad ordninga var juridisk innan for lovverket.

Me oppdaga relativt fort at det ville ta tid å få eit større oversyn over omfanget ute i kommunane. Derfor valte me å jobba med andre saker i periodar med mykje innhenting og venting på statistikk. Sidan me hadde eigarskapen til saka opplevde me òg at kjeldene i stor grad kom til oss, når det var noko nytt å melda.

9.1 Metodebruk

9.1.1: Metode: Be om sortert statistikk: Den første jobben me prioriterte var å finna ein barnehage eller ei skulefritidsordning å besøka for å laga den første reportasjen. Fordi me rekna med at det ville vera vanskeleg finna dei berørte familiane, ville me leita etter ein rekror eller ein barnehagestyrar som kunne gje saka kjøt og blod. For å auka sjansen for å finna ein av dei aktuelle barnehagane eller skulefritidsordningane, bad me om å få oppseiingstala sortert etter bydel. Dette gjorde me fordi kommunen ikkje ville opplysa om kva barnehagar barna hadde mista plassen frå, og me vurderte det som meir effektivt å leita sjølv, enn å klaga på avgjerda. Sidan berre 30 prosent av barnehagane i Bergen er kommunale, såg me på det som ei overkommeleg oppgåve å komma oss ut i ein barnehage. I motsetning til tala for skulefritidsordninga, som var av eit langt større omfang, fekk me fort eit bydelsvis oversyn over barnehagane frå kommunen. Sidan bydelane Årstad og Laksevåg såg ut til å vera noko overrepresenterte på lista, prøvde me i desse bydelane først. Etter eit par bomtelefonar og nokre barnehagestyrarar som var lite lystne på å snakka med journalistar, fekk me treff i Olsvik barnehage. Styraren Trond Øverli stadfesta at dei var blant dei berørte barnehagane, og snakka svært opent om problematikken. Sølve avtalte å ta med seg ein tv-fotograf og møta Øverli i barnehagen.

Saman med eit intervju med den ferske byråden Jana Midelfart Hoff frå Høgre, og Sofie Marhaug frå Raudt laga me klar den første radiosaka for publisering dagen etter. (Å be om innsyn i offentlege databasar jamfør offentleglova §9 er ein sentral del av dette prosjektet. Dette kjem me tilbake til i 9.1.4).

9.1.2: Metode: Politiske protokollar og dokumentasjonsopptak frå møter: Politiske saksutgreiingar og protokollar er som regel spekka med relevant informasjon. I dette tilfellet hadde me i tillegg den konkrete politiske saka frå 2013 å leita i. Sjølv om det var mykje bakgrunnsinformasjon i saksutgreiinga frå november, var det noko me stussa over. Kva var det eigentleg som gjorde at eit nærmast samla bystyre hadde slutta seg til vedtaket om at barn igjen kunne mista plassen i barnehagar og skulefritidsordningar? Nokre telefonar til sentrale politikarar tyda på at byrådet hadde gått langt i å lova at ordninga skulle vera så god, at ingen barn skulle enda opp med å mista barnehageplassen. Men det var ingen forsikringar om dette i dei skriftlege utgreiingane. Derfor valte me å ta ein kikk på dokumentasjonsopptaket frå bystyredebatten som ligg tilgjengeleg på kommunen sine heimesider. Opptaket avslørte at dåverande byråd for barnehage og skule, Harald Victor Hove (H), gjekk langt i å lova at ingen skulle mista plassen:

"Det nye systemet mener jeg vil sørge for at man ikke trenger å gå til plassoppsigelse, fordi vi setter inn hjelpen tidlig. Det er det bystyret tror byrådet på når dere stemmer det gjennom, [...]Vi må sørge for at vi ett år fra nå kan si at «ja, oppgaven er levert, bystyrets intensjoner er ivaretatt".

Me tok med oss opptaket til rådhuset, og viste dette til tre av gruppeleiarane i opposisjonen (Oddny Miljeteig (SV) og Julie Andersland (V) og Marita Moltu (KrF) og leiar for oppvekstkomiteen Pål Hafstad Thorsen frå Høgre).

Saman med eit nytt intervju med den nye oppveksbyråden danna dette grunnlaget for den andre saka, som me publiserte på nett same kveld, og på radio morgonen etter.

9.1.3 Metode: Ekspertintervju: Etter dei to første sakene, ønskte me å sjå nærmare på dei juridiske sidene ved at barna mista plassen i barnehagen. Gjennomgangar av gjeldande lovverk stadfesta mistanken om at retten til barnehageplass stod langt sterkare enn retten til plass i skulefritidsordning. Sidan det er fylkesmannen som har ansvar for å føra tilsyn med at kommunane oppfyller barnehageretten, prøvde Simen å ta kontakt med seniorrådgjevar Marianne Svege hjå Fylkesmannen i Hordaland. Ho kunne visa til at ein kommune i Hordaland for ei tid tilbake hadde spurd fylkesmannen om hjelp i ei liknande sak. Ein familie med ubetalte rekningar til kommunen hadde søkt om barnehageplass, og kommunen lurte på om dei kunne nekta familien plass. Svaret frå Utdanningsdirektoratet, som hadde vurdert saka, var "nei". At familien hadde gjeld til kommunen var ikkje grunn nok til å nekta barnet plass. I bystyrevedtaket frå november 2013 gjekk det fram at barna ikkje vil «kunne få tildelt barnehageplass/SFO-plass til dette barnet før gjelden er innfridd eller det er inngått betalingsavtale». Svege var fast bestemt på at kommunen plikta å tilby barnehageplass uavhengig av om foreldra betalar eller ikkje, og at praksisen til Bergen var i strid med intensjonen i barnehagelova. Om Bergen og andre kommunar i det heile hadde rett til å seia opp barnehageplassen, var i følgje Svege eit langt vanskelegare spørsmål. Seinare i prosjektet opplevde me at ulike juridiske miljø landa på ulike konklusjonar på nettopp dette punktet. Stipendiat ved Universitetet i Oslo Jon Christian Fløysvik Nordrum var tidleg ute og konkluderte med at utkasting var ulovleg. Kommuneadvokaten i Bergen konkluderte med at praksisen var innanfor lovverket. jusprofessor Karl Harald Søvig ved Universitetet i Bergen, på si side, karakteriserte spørsmålet som ei juridisk gåte, som Stortinget burde rydda opp i. I tillegg til intervjuet me har brukt i sakene har me snakka med byråkratar og juristar for å få best mogeleg innsikt i saksfeltet.

9.1.4 Metode: Å la andre gjera jobben for seg: Etter dei første sakene våre bad fylkesmannen i Hordaland Utdanningsdirektoratet om å vurdere om kommunane kunne seia opp barn eller ikkje. Direktoratet hadde ikkje tidlegare vurdert denne problematikken. Lovtolkinga tok tid, men resultatet vart ei klargjering av reglane som slo fast at barn som mista barnehageplassen hadde rett på ny plass seinast ved neste opptak, og at kommunane uansett har ansvar for å sikra barna barnehageplass. Noko som stadfesta at Bergen og andre kommunar hadde reglar som ikkje var i tråd med regelverket. Me hadde tidleg bede om å få kunnskapsministeren på bana. Då lovtolkinga var gjennomført, og han hadde besvart Kjersti Toppe (Sp) sitt spørsmål i Stortinget, stilte statsråden til intervju og bad kommunane om å endra praksisen sin.

Også i møte med kommunane, opplevde me at det kunne vera nyttig å støtta seg på andre. På same tid som me tok kontakt med kommunar for å få ut tal, gjorde lokale folkevalte det same. Ved å ta kontakt med politikarane fekk med i fleire tilfeller informasjonen lenge før. Sidan tematikken langt på veg var upløgda mark oppdaga me at det var nyttig tidsmessig å bruka andre kjelder for å få ut informasjon.

9.1.5 Metode: Å laga eigen statistikk ved å krevja innsyn i samanstillingar av offentlege databasar: Det viste seg fort at det var utfordrande å få eit godt oversyn over konsekvensane av plassoppseiing i andre kommunar. Derfor bestemte me oss for å forsøka å laga vår eigen statistikk. Me starta med dei kommunane som liknar mest på Bergen – Oslo, Trondheim og Stavanger. Me har tidlegare erfart at ein kan ein få ut presis informasjon frå kommunar ved å nytta seg av §9 i offentleglova: "Alle kan krevje innsyn i ei samanstilling av opplysningar som er elektronisk lagra i databasane til organet dersom samanstillinga kan gjerast med enkle

framgangsmåtar". Etter å ha fått svar frå Trondheim og Stavanger, venta me på svar frå Oslo. Etter å ha fått stadfesta av anonyme tilsette i Oslo kommune at mange barn i hovudstaden hadde mista plassen, valte me å publisera ei sak om at barn i alle dei fire største kommunane i Noreg hadde mista barnehageplass grunna betalingsproblem.

Deretter tok me sikte på å samla inn tal frå alle kommunane i Hordaland. I tillegg bad me om innsyn i dei femti mest folkerike kommunane i landet for å få eit oversyn over omfanget av at barn mister plassen i barnehage. Me bad om tal på kor mange barn som hadde mista plassen i perioden 2012-2014. Prosessen viste seg å vera langtekkeleg, men dei aller fleste kommunane bidrog med tal. Av dei 50 største kommunane var det berre Arendal, Hamar og Stjørdal som av ulike grunnar ikkje bidrog med statistikk. Arendal viste til at dei ikkje hadde informasjon om oppseiingar i databasen sin, og at me dermed ikkje hadde rett på tal jamfør §9. Me greide heller ikkje å finna andre metodar for å få ut tala. Fleire av dei andre kommunane hadde utfordringar med å skaffa statistikk for alle dei tre åra. Trondheim kommune skreiv mellom anna " Oppvekstkontoret har dessverre ingen oversikt over tall fra 2012 og 2013", og leverte berre ut tal for perioden 1.8 – 31.12 2014.

Etter mange purringar, enda me opp med svar frå dei aller fleste kommunane, likevel vurderte me talmaterialet til å vera for mangelfullt til å kunna gå ut med eksakte tal. Det me likevel hadde fått dokumentert gjennom undersøkinga var at dei fleste kommunane hadde sagt opp barn i løpet av dei siste tre åra, og at minst 520 barn hadde mista barnehageplassen. Funna frå undersøkingane i Hordaland valte me å ikkje publisera. Bakgrunnen var at me vurderte at det var lite nytt samanlikna med det me allereie hadde meldt om frå utvalte kommunar.

I tillegg til dette samla me inn tal frå Bergen kommune, etter kvart som fleire barn mista barnehageplassen. Frå 31.5.2014 (då plassoppseiinga vart innført) – 31.5.2015 (då reglane vart endra) var det ifølgje kommunen sine tal i alt 400 barn som mista plassen i barnehage eller skulefritidsordning i Bergen.

9.1.6 Metode: Postlistesøk: Ved å søka i offentlege postlister fann me ut at fleire kommunar i Hordaland hadde tatt kontakt med Fylkesmannen i Hordaland i etterkant av sakene me hadde laga. Kommunane lurte på kva dei burde gjera, ettersom det var tvil om kva barnehagelova opna for. Ved å ta kontakt med fleire av desse kommunane fann me ut at også fleire av dei mindre hordalandskommunane hadde sagt opp barnehagebarn fordi foreldra ikkje hadde gjort opp for seg. Sjølv om mange av kommunane hadde same ordning som Bergen, hadde berre eit fåtal av kommunane sagt opp barn.

Ein glipp frå ein offentleg etat gjorde òg at me kom i kontakt med ei mor som hadde opplevd å mista barnehageplassen grunna betalingsproblem. Brevet ho hadde sendt var merka "unntatt offentlegheit", men etaten hadde gløymd å sladda namnet til avsendaren. Trass ein positiv telefonsamtale, og sjølv om kvinna kvinna var positivt innstilt lukkast det ikkje å få kvinna til å stilla til intervju. Ho gav uttrykk for at ho måtte rydda andre utfordringar av vegen før ho følte seg klar til å stilla opp.

9.1.7 Metode: Søk i sosiale medium: Ein av dei involverte som me fekk tak i i løpet av prosessen var Steinar Steine frå Kvam herad i Hardanger. Han hadde kommentert ei av sakene me hadde laga på Facebook, og stilte opp til intervju. Det mest kuriøse og humoristiske innslaget i serien. Steine gløymte å betala SFO-rekninga til dottera, men valte å finna ein humoristisk vri på problemet då han fekk oppseiingsbrevet heim i postkassen. Dottera var lei av å gå på SFO, men plassen kunne ikkje seiast opp midt i semesteret. "Der kom jo sjansen rekende på en fjøl rett ned i postkassen. Jeg sendte straks mail til kommunen. Der skrev jeg at saken var

diskutert i hjemmet, og at Sara var villig til å ta straffen for foreldrene sine handlinger, og innså at hun straks måtte slutte på SFO" sa Steine.

I tillegg fekk me mange nyttige tilbakemeldingar, ros og ris via ulike sosiale medium.

9.1.8 Metode: Bruk av rekneark for systematisering: Gjennom heile prosjektet har me systematisert informasjonen me har samla inn ved hjelp av rekneark.

9.2 Kjeldekritikk:

Sakene er basert på ei mengd med statistikk, dokument og intervju og samtalar med styrar i barnehagar, lokalpolitikarar, rikspolitkarar, juristar, byråkratar og folk som på ein eller annan måte har vore berørt av saka.

9.2.1: Kjeldekritikk: Dei det gjeld: Ei av dei største utfordringane har vore å komma i kontakt med dei det gjeld. Altså barna og familiare som har opplevd å mista barnehageplassen. Dette har gjort det vanskeleg å danna seg eit godt bilete av kven det faktisk er som ikkje betalar for seg. Signala frå byrådet i Bergen har gått ut på at det er ein kombinasjon av familiar som har opplevd plutselig sjukdom, relativt velstående familiar som har mista kontroll over økonomien, innvandrarar som har hatt vanskeleg får å setja seg inn i lovar og reglar og barn som på ein eller annan måte har ein vanskeleg omsorgssituasjon. Bodsken er uansett at dei som har den trongaste økonomien får hjelp frå barnevern eller andre instansar til å betala for barnehageplassen. Enkelte foreldre har tatt barna ut av barnehagen og "forsvunne" etter at dei har fått beskjed om at barnehageplassen står i fare. Samtalar med styrarar i barnehagane tyder uansett på at det er snakk om barn som pedagogane meiner har eit særskild stort behov for å gå i barnehage. Uansett har det komplisert arbeidet at stemmene til dei mest involverte har mangla.

9.2.2: Kjeldekritikk: Kva ligg bak tala og kan me stola på dei? Det statistiske materialet me har henta inn frå kommunane viste seg å vera krevjande. Fort oppdaga me at det var skilnad på "effektuerte oppseiingar" og barn som faktisk har måtta slutta i barnehagen. Dette har òg gjort at det har vore krevjande å samanlikna tala frå dei ulike kommunane. Arbeidet har på mange måtar vore ein læreprosess i eit emne som har vore lite omtalt tidlegare. At kommunane sjølv i mange tilfeller har vore einaste kjelde til informasjon, har gjort at ein har måtta lita på at kommunane leverer frå seg korrekt informasjon. Dette har vore særleg krevjande i dei tilfella der kommunane har vore lite innstilte på å dela.

9.2.3: Kjeldekritikk: Juridisk grenseland: Det spørsmålet me har slitt mest med å få svar på er: Har kommunane lov til å seia opp barn av foreldre som ikkje betalar for seg? Ulike juridiske fagmiljø har landa på ulike konklusjonar, og også Utdanningsdirektoratet valte å støtta seg på Kunnskapsdepartementet då dei skulle konkludera på lovtolkinga si. Dette har ført til at ein har måtta sjonglera ulike konklusjonar, og ikkje har kunna presentera klare svar. Først er konklusjonen at kommunen kan seia opp barna, men at barna har rett på plass ved neste opptak.

9.2.4: Kjeldekritikk: Kjeldene visste lite: Då me bad om dei første tala frå Bergen kommune opplevde me å ta byrådet på senga. Det fanst ikkje noko oversikt over kva som hadde skjedd med barna, kor mange som

eventuelt hadde fått barnehageplassen tilbake, og kva tilbod kommunen hadde stilt opp med. I ettertid kan ein nok sjå teikn til at informasjonen frå dei offisielle kjeldene i starten var noko upresis.

9.3 Problem undervegs:

9.3.1: Kontinuerleg publisering: Sjølv om me hadde ein klar ambisjon om kor me ville då me starta prosjektet, har arbeidet vorte prega av at me har publisert stoffet gradvis. Dette har ført til at me nokre gongar gjerne har sett i ettertid at me hadde tent på å venta med å publisera sakene, eller porsjonert stoffet ut på ein annan måte. I litt for stor grad har dette ført til at me stadig har publisert nye tal, spesielt for situasjonen i Bergen. Først var det 27 barn som mista plassen i barnehage, så var det 33, og etter kvart var det 44 barn. Samtidig er jo dette eit resultat av at saka har utvikla seg, og at stadig nye familiar har hamna i betalingstrøbbel.

9.3.2: Ansiktet som mangla: I heile prosessen har me prøvd å finna dei det gjeld. Barna som må vera heime medan dei andre er i barnehagen, og foreldra som ikkje greidde å betala i tide. Det er ikkje vanskeleg å forstå at familiare ikkje står i kø for å snakka om at dei ikkje var i stand til å behalda barnehageplassen, men konsekvensen har vore at det det har vore ei utfordring å finna dei som skapar identifikasjon til sakene. Om den rette casen hadde dukka opp, ville det heller ikkje vore fritt for etiske dilemma. Samstundes har det vore oppløftande å sjå at sakene har fått konsekvensar på eigen kjøp, utan at ein har løfta fram enkeltskjebnane som ikkje alltid er representative.

9.3.3: Kompliserte samanhengar: Fleire både internt og ute i kommunane trudde at det var slutt på at barn mista barnehageplassen i Bergen, lenge før bystyret vedtok dette. Då me allereie i tredje sak intervjuar Marianne Svege hjå fylkesmannen, som sa at kommunane måtte tilby ny barnehageplass til barna, var det mange som ikkje forstod kvifor ein jobba vidare med saka. Det har vore krevjande å kommunisera det at faktumet at kommunane sin praksis var i strid med lovverket, ikkje betydde at alle sider ved ordninga med plassoppseiing var i strid med lov om barnehagar. Den største drivkraften var nok å få eit godt svar på om barna har eit vern mot å verta kasta ut av barnehagen eller ikkje. Kanskje leita ein etter det klare juridiske svaret, medan det til sjuande og sist handla om skjønn og politikk. Utfordringane har uansett vore å få fram dei viktige nyansane i saka, både i møte med sentralredaksjonane på Marienlyst og ut mot lyttarane.

9.3.4: Nasjonal sak i regional redaksjon: Den delen av saka som handlar om dei lokale forholda i Bergen og Hordaland opplever me at me har greidd å levera godt på. Den nasjonale delen av saka kan nok ha lide noko under at det er vanskeleg å prioritera saker som ikkje er relevante for eige dekningsområde. Fleire gongar skulle me gjerne stilt dei same spørsmåla til dei som styrer i Trondheim og Oslo, som dei som styrer i Bergen. Då har det vore oppløftande å sjå at regionale og lokale medium har tatt tak i sakene i sitt nærmiljø.

10. Konsekvensar av journalistikken:

- Utdanningsdirektoratet gjennomførte ein gjennomgang av lovverket som konkluderte med at barna har rett på ny plass ved neste barnehageopptak.

- Kunnskapsministeren krevde at kommunane endra regelverket, og at "misligholdet må være vesentlig" (minst tre månadsbetalingar) for at barna skal kunna mista barnehageplassen.
- Kommuneadvokaten i Bergen gjennomførte ei utgreiing som følgje av sakene våre. Denne konkluderte med at kommunen burde endra praksis, men berre plikta å tilby ny plass ved hovudopptak.
- Bergen kommune endra praksisen sin i to omgangar:
 - April 2015: Bystyret gjekk inn for at kommunen skulle følgja pålegga frå kunnskapsministeren:
 - Barna har rett på ny plass, seinast ved neste hovudopptak.
 - Minst tre månadsrekningar må vera ubetalte for at barna skal kunna mista barnehageplassen.
 - Desember 2015: Bystyret vedtek at kommunen skal gå vekk frå praksisen med plassoppseiing. Kommunen skal framleis følgja opp foreldre som ikkje betalar.
- Ingen barn har mista barnehageplassen i dei kommunale Bergen etter at den første regelendringa til Bergen kommune vart gjort.
- Fleire andre kommunar har slutta å seia opp barn frå dei kommunale barnehagane.

11. Andre medium som har skrive om saksfeltet

Etter dei første sakene laga ei rekkje aviser lokale oppslag basert på funna vore i Bergen og dei største byane. Dagsavisen i Oslo, Fredrikstad blad og Nordlys i Tromsø er nokre av avisene som har følgd opp saka med lokale vinklingar om at barn mister barnehageplassen.

Bergensavisen og Bergens Tidende har dekkja den politiske prosessen i Bergen.

Bergensavisen har skrive to leiarartiklar om saka. I mai argumenterte avisa med at gratis barnehage var den einaste måten å unngå at barna vert taparane. I desember støtta BA det nye bystyrefleirtalet sitt vedtak om å gjera slutt på ordninga med plassoppseiing.

Lokalavisa Os- og fusposten var tidleg ute og meldte om at Os kommune ville endra praksis.

Likevel er me litt overraska over at dei nasjonale mediehusa ikkje har løfta opp saka.

12. Tidsbruk:

Prosjektet er laga i ein nyheitskvardag med høgt publiseringstempo. Det har ikkje vorte sett av ekstra tid til prosjektet. Arbeidet med å skaffa oversyn over situasjonen i ulike kommunar er gjort innimellom arbeid med andre saker. Sidan begge journalistane jobbar mykje med politikk, har valåret 2015 vore ekstra hektisk.

Dette gjer at det er vanskeleg å rekna ut kor mykje tid som reelt sett er brukt. Nokre dagar har ein brukt eit heilt dagsverk, medan ein andre dagar kanskje berre har registrert svar frå eit par kommunar.

Den første eposten vart sendt 3. januar, den første saka gjekk på lufta 7. januar. Dei siste radioinnslaga vart sendt 19. desember.

13. Erfaringar:

Då arbeidet starta i januar, hadde me ikkje trudd at prosjektet skulle så fylla store delar av arbeidsåret. Det mest inspirerende er at ein heile tida har sett at journalistikken har fått konsekvensar. Barn som for eit år sidan hadde mista barnehageplassen i Bergen får i dag halda fram med å gå i barnehagen. Me har òg avdekka at mange av kommunane i Noreg ikkje har hatt reglar som har vore i tråd med barnehagelova.

Det var dei lokalpolitiske sidene ved saka som i størst grad vart dagsordensettjande. Sjølv om det kom nye avklaringar frå Regjeringa og Utdanningsdirektoratet, er det mykje meir å henta rikspolitisk og i andre kommunar. Det vanskelegaste har vore å komma i kontakt med dei berørte. Trass mange forsøk måtte me i stor grad basera intrykket av denne gruppa på informasjon frå Bergen kommune og barnehagestyrarane.

Sjølv om me har hatt store ambisjonar for prosjektet er det ikkje alt som har gått like smertefritt. Me skulle gjerne fått meir ut av undersøkinga vår i dei mest folkerike kommunane. Likevel fungerte undersøkinga som ei slags temperaturmåling på at mange kommunar seier opp barn frå barnehagane. I perioden 2012 - 2014 mista meir enn tre barn barnehageplassen kvar veke.

Prosjektet har òg vore ein uthaldingstest, der me innimellom har lurt på kvifor me har jobba vidare.

Me takkar for at vaksjefar, kollegaer og leiinga i NRK Hordaland har hatt tru på prosjektet og som har vore med på å formidla stoffet på nett i radio og på tv.

Sølve Rydland

Simen Sundfjord Otterlei

Bergen 18. januar 2016

Vedlegg:

Vedlegg 1: Tal for oppseiingar i Bergen kommune

Vedlegg 2: Tal for oppseiingar i dei 50 mest folkerike kommunane og i kommunane i Hordaland

Vedlegg 3: Presisering frå Kunnskapsdepartementet

Vedlegg 4: Presisering frå Utdanningsdirektoratet

Vedlegg 5: konklusjon uttale frå kommuneadvokaten i Bergen

Vedlegg 6: Vedtak Bergen bystyre november 2013 og april 2015

Vedlegg 7: Faksimiler oppslag i andre medier

VEDLEGG 1:

Tal for Bergen kommune før regelendring (31.05.2014 - 31.05.2015)

	Barnehage	SFO	Frå	til
07.01.2015	27	153	31.05.2014	31.11.2014
16.01.2015	6		31.11.2014	31.12.2014
03.06.2015		115	31.11.2014	31.12.2014
09.09.2015	11	88	31.12.2014	31.05.2015
Totalt	44	356	31.05.2014	31.05.2015
Tilsaman		400		

*Det høge talet skuldast at oppseiingar ikkje hadde komme med i det første talgrunnlaget. Fleire av oppseiingane stammar frå tidlegare månadar

Tal for Bergen kommune etter regelendring (31.5-31-10)

	Barnehage	
	Oppseiingsbrev	Reelle oppseiingar
31.8.15	9	0
31.9.15	15	0
31.10.15	10	0
	34	0

Kjelde: Bergen kommune

VEDLEGG 2:

Tal for oppseiing frå barnehage for dei 50 mest folkerike kommunane (2012-2014)

		2012	2013	2014	Sum
1	Oslo	225			225
2	Bergen		0	33	33
3	Trondheim	?	?	18	18
4	Stavanger		4	6	16
5	Bærum		0	0	0
6	Kristiansand			2	4
7	Fredrikstad		11	12	35
8	Sandnes		3	3	9
9	Tromsø		2	1	6
10	Drammen		0	10	16
11	Asker		0	0	0
12	Sarpsborg		1	2	7
13	Skien		4	5	14
14	Skedsmo	?	?	5	5
15	Bodø	5			5
16	Ålesund		1	0	3
17	Sandefjord		0	6	9
18	Arendal				0
19	Larvik		3	1	10
20	Karmøy		0	0	0
21	Tønsberg		1	0	6
22	Haugesund		0	0	0
23	Porsgrunn	5			5
24	Lørenskog		0	0	0
25	Ringsaker		6	4	14
26	Ullensaker		0	3	3
27	Moss		3	5	12
28	Halden		1	1	3
29	Gjøvik		0	0	0
30	Ringerike		2	2	8
31	Ski				1
32	Hamar				0
33	Askøy		0	0	0
34	Lillehammer		0	0	0
35	Horten		2	5	12
36	Kongsberg		2	2	6
37	Oppegård		1	2	3
38	Molde		0	0	0
39	Rana			0,5	1,5
40	Lier		0	0	0
41	Sola		0	1	1

42	Harstad		0	2	0	2
43	Kristiansund		2	0	0	2
44	Fjell		0	0	0	0
45	Nedre Eiker		1	1	1	3
46	Eidsvoll		0	0	2	2
47	Stjørdal					0
48	Nittedal		0	0	0	0
49	Grimstad	3				3
50	Steinkjær		4	6	5	15
						517,5

Tal for oppseiing frå barnehage for dei kommunane i Hordaland utanom Bergen (2012-2014)

	2012	2013	2014
Etne	0	0	0
Sveio			
Bømlo			
Stord	0	0	0
Fitjar	0	0	0
Tysnes	0	0	0
Kvinnherad			
Jondal	0	0	0
Odda	1	1	0
Ullensvang	0	0	0
Eidfjord	0	0	0
Ulvik	0	0	0
Granvin	0	0	0
Voss	2	0	0
Kvam	0	0	0
Fusa	0	0	0
Samnanger	0	0	0
Os	0	3	0
Austevoll			
Sund	1	0	0
Fjell	0	0	0
Askøy	0	0	0
Vaksdal	0	0	0
Modalen	0	0	0
Osterøy	0	0	0
Meland	0	0	0
Øygarden	0	1	0
Radøy	0	0	0
Lindås	0	0	0
Austrheim	0	0	0
Fedje	0	0	0
Masfjorden	0	0	0

VEDLEGG 3: Presisering frå Kunnskapsdepartementet:



Utdanningsdirektoratet
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO

Deres ref	Vår ref	Dato
	15/511- 3	08.04.2015

Nytt opptak etter oppsigelse av barnehageplass som følge av misligholdt foreldrebetaling

Vi viser til møte mellom Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet 26. mars d.å. der virkningen av oppsigelse av barnehageplass grunnet misligholdt foreldrebetaling ble diskutert. Utdanningsdirektoratet har bedt Kunnskapsdepartementet avklare hvilken betydning oppsigelse grunnet mislighold har for retten til å søke nytt opptak. Utdanningsdirektoratet har også fått spørsmål om det i denne sammenheng er forskjell på tilfeller der et barn har mistet plassen som følge av nedleggelse eller brann og der barnet har mistet plassen som følge av betalingsmislighold.

Kunnskapsdepartementet vil vise til statsråd Torbjørn Røe Isaksens svar på Spørsmål til skriftlig besvarelse nr. 484 (2014-2015):

"Selv om rett til barnhageplass er innført, er det på det rene at barnehageloven fremdeles legger opp til at en viss del av kostnadene skal dekkes gjennom foreldrebetaling, jf. barnehageloven § 15 og forskrift om foreldrebetaling i barnehager av 16.12. 2005 nr. 64. Størrelsen på foreldrebetalingen fastsettes gjennom Stortingets årlige budsjettvedtak. Når foreldre tar imot tilbud om plass, aksepteres samtidig denne betalingsforpliktelsen. (...)

Dersom et barn mister barnehageplassen som følge av betalingsmislighold, må det understrekes at barnet ikke mister retten til barnehageplass. Dette innebærer at foreldrene kan søke om barnehageplass ved neste opptak, og kommunen skal i denne sammenheng oppfylle retten til plass, uavhengig av om det er ubetalte betalingsforpliktelser fra en tidligere barnehageplass."

Departementet legger til grunn at foreldre til barn som har mistet en barnehageplass på grunn av betalingsmislighold, kan søke om ny plass. Kommunen skal ha minimum ett opptak i året, jf. barnehageloven § 12a tredje ledd. Barnet vil i så fall ha rett til plass ved det neste kommunale opptaket. Dersom kommunen har flere opptak i året, evt. løpende opptak, vil barnet ha rett til ny barnehageplass ved neste opptak i kommunen, uavhengig av om neste opptak er hovedopptaket eller et løpende opptak.

Departementet vil understreke at det må sondres mellom tilfeller der et barn mister barnehageplass som følge av uforutsette omstendigheter som at barnehagen legges ned eller brenner på den ene siden, og oppsigelse som følge av misligholdt foreldrebetaling på den andre siden. Ved nedleggelse eller brann har foreldrene overholdt sine forpliktelser etter barnehageloven og i det privatrettslige avtaleforholdet mellom foreldrene og den enkelte barnehage. Kommunen har en umiddelbar og kontinuerlig forpliktelse til å oppfylle retten til barnehageplass ved at alle barn har et tilgjengelig barnehage tilbud. Når et barn mister en barnehageplass som følge av mislighold, har foreldrene ikke oppfylt en betalingsforpliktelse som er en forutsetning for den konkrete barnehageplassen. Departementet vurderer som nevnt over at dette innebærer at barnet vil ha rett til ny barnehageplass etter søknad ved neste opptak i kommunen.

Med hilsen

Trude Wessel Eide (e.f.)
avdelingsdirektør

Jens Kristian Jebsen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.

Rett til barnehageplass og betalingsmislighold

Barnehageloven § 12a gjelder rett til barnehageplass. Det følger av bestemmelsen at «[b]arn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter». Bestemmelsen gir rett til barnehageplass for barn som fyller ett år innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt

Det følger av Ot.prp. nr. 52 (2007 -2008 (forarbeidene) at «[b]arn som har rett til barnehageplass i henhold til § 12a, har rett til å motta en barnehageplass i samsvar med denne loven med forskrifter. Dette betyr rett til plass i en barnehage som er godkjent etter barnehageloven §§ 10, jf. §§ 1 og 2 eller § 11.» Det er kommunen som barnehagemyndighet som har plikt til å oppfylle retten til barnehageplass , jf. § 8 andre ledd.

Retten til barnehageplass er en minimumsforpliktelse, som bidrar til å skape gode og trygge oppvekst - og opplæringsvilkår for barn. Barnehager er både et pedagogisk tilbud, et omsorgstilbud og har innvirkning på småbarnsforeldres yrkesdeltakelse.

En barnehageplass skal bidra til at alle barn får like muligheter

Plass i barnehage kan bedre norskkunnskapene til barn med minoritetsspråklige foreldre, og kan bidra til å hjelpe barn i familier med ulike typer problemer. Tilgangen til barnehageplass har betydning for flere ulike samfunnsområder. Barnehagen er viktig for barna selv, da tiden før skolestart er svært viktig for barns språkutvikling, som igjen danner grunnlag for barnets senere læring og sosiale utvikling. Et annet formål med barnehage, er at den skal ha en helsefremmende og forebyggende funksjon, og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.

Utdanningsdirektoratet mener på bakgrunn av dette, at det ikke er grunnlag for å innskrenke retten til barnehageplass etter barnehageloven § 12a innenfor kommunen som følge av manglende foreldrebetaling. Det betyr at kommunen ikke kan forlange at gjeld blir betalt for at barnet skal få barnehageplass.

Betalingsmislighold som opptakskriterier

Barnehageeier skal fastsette barnehagens vedtekter, jf. barnehageloven § 7 fjerde ledd. Dette gjelder også kommunen som barnehageeier. Vedtektene skal gi opplysninger som er av betydning for foreldrenes forhold til barnehagen, deriblant opptakskriterier. Det følger av forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage § 2 at «[b]arnehagens vedtekter skal definere barnehagens opptakskrets og opptakskriterier. Opptakskriteriene må være objektive og etterprøvbare». I rundskriv F-08/2006 står det at «[d]ette innebærer at de bør være så konkrete

som mulig slik at det i etterkant lar seg gjøre å vurdere om tildelingen av plasser er i samsvar med dem".

